



Søre Sunnmøre IKT

# Årsmelding 2021

---

Søre Sunnmøre IKT

## Innhold

Om samarbeidet .....	3
Styret.....	3
Organisasjon .....	4
Bemannning.....	4
HMS.....	4
Økonomi og rekneskap .....	5
Finansiering.....	5
Rekneskap .....	5
Drift.....	5
Oversikt drift frå rekneskapen .....	6
Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen .....	7
Aktivitetar 2021 .....	8
Overordna aktivitetar .....	8
Informasjonstryggleik, beredskap og varsling.....	8
Microsoft 365 .....	9
Organisasjonsform og tenesteavtale/tenestekatalog .....	9
DIGI Møre og Romsdal .....	10
Helseplattformen.....	10
Avdelingsaktivitetar 2021.....	11
Driftssenter .....	11
Brukarstøtte .....	13
Fagområde – helse og omsorg .....	15
Fagområde – oppvekst .....	17
Fagområde – Økonomi og løn.....	18
Fagområde - Sak- arkiv og portal.....	19
Vedlegg: Rekneskap 2021.....	21

## Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Serverrommet og driftssenteret er lokalisert i rådhuset på Hareid. Kontorlokala og brukarstøtte er på Reitenbygget i Ulsteinvik. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT-tenester, samt å ha fornøgde brukarar.

Vi er eige rettssubjekt og alle som arbeidar her er tilsette i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT. Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men vart formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT-avdelingar vart ført over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom kommunane her på Søre Sunnmøre går heilt tilbake til 2005 då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap, som no leverer alle dei IKT-tenestene i kommunane, som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT-avdelingar.

## Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane.

Styremedlemar per 31.12.2021:


- Dag Vaagen - Sande kommune (styreleiar)
- Ane Malene Søvik Nygård - Herøy kommune
- Eirik Bakken Kobbevik - Vanylven kommune
- Monica Cecilie Torp - Ulstein kommune
- Kariann Bigset - Hareid kommune
- Asbjørn Moltudal - Volda kommune
- Eldar Rune Øye - Ørsta kommune

I 2021 gjekk Hareid kommune sin styrerrepresentant Eivind Longva ut og vart erstatta av Kariann Bigset.

Det er halde 5 styremøter i 2021, og det har vorte protokollført 20 saker.

## Organisasjon

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelovas §27 og er eige rettssubjekt. Tenestene rekneskap, lønn, personal og arkiv vert levert av Ulstein kommune.



Figur 1: organisasjonskart pr. 31.12.2021

## Bemanning

Selskapet har per 31.12.2021, 25 stillingsheimlar, med 21 tilsette fordelt på 20,5 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 6 kvinner og 15 menn. Samarbeidet har ein løns- og tilsettingspolitikk som ikkje er diskriminerande.

Etter litt over 3 år som dagleg leiar i SSIKT valte Guttorm å seie opp stillinga si i august 2020. Stillinga som dagleg leiar i SSIKT vart ikkje lyst ut i 2021 og Guro Gausemel held fram som konstituert dagleg leiar inntil vidare.

Sjukefråværet i 2021 var på 8,74 %, fordelt på 6,79 % langtid og 1,95 % korttid.

## HMS

Det har ikkje blitt rapportert om skader eller ulykker på arbeidsstaden. Selskapet sine tilsette har relevant erfaring og utdanning for det arbeidet det er sett til å utføre.

Selskapets har ikkje aktivitetar som medfører forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. I anskaffingar er miljø med som tildelingskriterie som krav i forbindelse med t.d. transport, emballasje, straumbruk og avhending av brukt utstyr.

Det er etablert rutinar for varsling og melding av avvik. Ingen saker er meldt for kategoriene HMS, ytre miljø og organisasjon.

## Økonomi og rekneskap

### Finansiering

Søre Sunnmøre IKT si finansiering vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel 30/70. 30% vert fordelt flatt på kommunane i samarbeidet og 70% vert fordelt etter innbyggjartal i kvar kommune. Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
11,5%	16,7 %	19,6 %	19,5 %	7,7 %	8,6 %	16,4 %

Folketalet er henta frå SSB pr. 1. kvartal 2021

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltarar kommunane, så den eksakte summen vil avvike litt frå desse prosentvise tala.

### Rekneskap

#### Drift

Selskapet har for 2021 eit driftsbudsjett på kr. 62 555 021,-

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 1 529 666,-.

Av mindreforbruket vert Kr. 1 529 666,- sett av til fond slik det står i vedtekten.

Vi har noko avvik mot budsjett, dette skuldast hovudsakleg:

- Fornying av Microsoftlisensar for administrasjon. 3års-avtalen med Microsoft gjekk ut i mai, og prisauken i løpet av dei 3 åra har vore i overkant av 30%. Dette var mykje høgare enn forventa, og utgjorde eit meirforbruk på kr 1 350 000.- i forhold til det som låg inne i budsjett 2021.
- Teljing og oppjustering av talet på Microsoftlisensar for oppvekst. Lisensmodellen er slik at ein tel opp alle tilsette innan oppvekst, og elevane får då automatisk lisens. Talet på lisensar måtte aukast etter teljing i 2021.
- I tillegg ser vi at valuta kan gjere utslag i form av svak norsk krone, mykje av lisensane vi kjøper er i dollar.
- Covid-19 førte til at ein del planlagde aktivitetar ikkje vart gjennomført. Kurs og reiseutgifter har vore lågare enn forventa.

- I tillegg førte Covid-19 til at nokre av investeringsprosjekta ikkje vart fullført i 2021 slik som planlagt. Dei fleste prosjekta er starta opp og midlane vert overført til 2022 for fullføring av prosjekt.
- Det er ikkje budsjettert med renteinntekter.
- Vi har hatt ein del langtidssjukefråvær som vi ikkje har dekt opp med vikarbruk. Vi har ikkje budsjettert med sjukepengerefusjon.

Under ligg oversikt over drift og investeringsrekneskapen. Fullt rekneskap ligg som vedlegg til årsmeldinga.

## Oversikt drift frå rekneskapen

### § 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift Rekneskap

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphavelig budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Driftsinntekter</b>				
Rammetilskot	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	0	0	0	0
Overføringer og tilskot frå andre	-62 781 785	-62 555 021	-44 997 545	-56 253 005
Brukabetalinger	0	0	0	0
Sals- og leigeinntekter	0	0	0	-30 900
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-62 781 785</b>	<b>-62 555 021</b>	<b>-44 997 545</b>	<b>-56 283 905</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønsutgifter	14 616 847	17 038 109	16 107 107	14 604 531
Sosiale utgifter	3 915 585	4 990 938	4 990 938	3 635 172
Kjøp av varer og tenester	23 486 770	23 899 500	23 899 500	21 803 500
Overføringer og tilskot til andre	8 832 246	5 832 255	0	5 257 344
Avskrivningar	10 730 653	10 730 653	0	7 504 167
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>61 582 100</b>	<b>62 491 455</b>	<b>44 997 545</b>	<b>52 804 714</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 199 685</b>	<b>-63 566</b>	<b>0</b>	<b>-3 479 191</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>				
Renteinntekter	-343 183	0	0	-432 046
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
Renteutgifter	328 855	379 580	0	549 307
Avdrag på lån	10 415 000	10 414 639	0	6 047 412
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>10 400 672</b>	<b>10 794 219</b>	<b>0</b>	<b>6 164 673</b>
Motpost avskrivningar	-10 730 653	-10 730 653	0	-7 504 167
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-1 529 666</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 818 685</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	1 529 666	0	0	7 643 500
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	-2 824 815
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>1 529 666</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 818 685</b>
<b>Fremført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Oversikt investeringsbudsjett i rekneskapen

### § 5-5. Bevillingsoversikt – investering Rekneskap til fordeling

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2021	Justert budsjett 2021	Opphaveleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
<b>Frå bevillingsoversikt:</b>				
<b>Investeringar til fordeling (netto)</b>	<b>19 404 591</b>	<b>27 722 186</b>	<b>22 156 250</b>	<b>13 991 547</b>
<b>Fordeling på prosjekt</b>				
Hardware driftssenter 2020	0	0	0	3 204 881
Nettverksutstyr kommunar 2020	0	0	0	4 078 243
Software driftssenteret 2020	0	0	0	344 578
Covid-19	0	0	0	382 500
Utviding serverrom	0	0	0	440 515
Nettverksutstyr kommunar 2021	2 010 222	2 905 316	2 625 000	0
Hardware/Software driftssenter 2021	2 259 976	4 007 316	2 812 500	0
Brannmur løysing 2021	7 119 911	6 875 000	6 875 000	0
Egenkapitaltilskot	14 298	0	0	11 939
IP-Telefoni	0	0	0	2 236 581
Gerica digitalisering	67 140	1 125 000	0	0
Gerica modul behandlarkrav melding 2021	257 898	281 250	281 250	0
Integrasjon mot velferdsteknologisk knutepunkt 2021	0	625 000	625 000	0
Digi Helsestasjon	87 500	187 500	0	0
Gerica - Svar ut	0	0	0	396 250
Helsestasjons program	0	0	0	1 755 793
Nytt Økonomi/Lønn/HR system	6 715 165	1 750 000	0	0
Nytt Økonomisystem 2021	307 031	5 625 000	5 625 000	0
HR - framtidas ressursstyring 2021	0	2 500 000	2 500 000	0
Byggesak, modul for automatisering av søknadsprosess for innbyggjar 2021	0	250 000	250 000	0
Ny intranettløysing	124 638	125 000	125 000	0
Interactive flow	0	437 500	437 500	0
Digitalisering sak/arkiv 2021	379 375	625 000	0	0
Sak/arkiv system	0	0	0	1 074 929
Digitalisering oppvekst	61 438	403 304	0	65 338
<b>Sum fordelt</b>	<b>19 404 591</b>	<b>27 722 186</b>	<b>22 156 250</b>	<b>13 991 547</b>

## Aktivitetar 2021

2021 vart nok eit år prega av covid19, og pandemien har påverka oss på fleire måtar. Dei tilsette har i stor grad nytta heimekontor etter anbefaling frå styresmaktene. Dei tekniske løysingane våre gjer at vi kan utføre mange av arbeidsoppgåvene sjølv om vi sit heime, men etter to år med utstrekkt bruk av heimekontor ser ein verdien av å treffast fysisk. Ein del av kunnskapsflyten mellom dei tilsette forsvinn når ein ikkje sit samla, digital samhandling klarer ikkje å erstatte informasjonsflyten og kunnskapsdelinga på ein tilfredsstillande måte.

Til trass for pandemi har det vore høgt aktivitetsnivå med nyanskaffingar av programvare og innføring av desse, utbyting av maskinvare samt utbygging og omlegging av nettverk.

Ein del av våre arbeidsoppgåver krev at vi må vere fysisk til stades på lokasjon, og her har det vore krevjande å få utført arbeid med dei gjeldande restriksjonane. I tillegg har det oppstått leveranseproblem på mykje av det utstyret som vi nyttar. Vi opererer no med leveringstid på alt frå 3 til 12 månader på IT-utstyr.

## Overordna aktivitetar

### Informasjonstryggleik, beredskap og varsling

Politiets sikkerhetstjeneste (PST) og Nasjonal Sikkerhetsmyndighet (NSM) framhevar i sine årlege rapportar at stadig meir av trusselaktiviteten retta mot grunnleggande nasjonale interesser går føre seg i det digitale rom. Det vert også observert meir målretta digitale angrep mot personar som har beslutningsmynde eller tilgang til sensitiv og verksemdukritisk informasjon. Etter at ei norsk kommune vart utsett for eit omfattande lauspengevirusangrep i januar 2021 har det naturleg nok vore eit auka fokus rundt tryggleik i kommunane.

Det har vore auka merksemrd rundt den digitale risikoen vi står ovanfor, og det har ført til auka medvit rundt arbeidet med informasjonstryggleik både i SSIKT og i eigarkommunane våre. Det er ikkje tilstrekkeleg med gode tekniske løysingar, her må dei tilsette også ha kunnskap om tryggleiksrisikoar for både personvern og informasjonstryggleik. Vi jobbar kontinuerleg med å forbetre og etablere tekniske tryggleiksløysingar og nyttar oss av NSM sine grunnprinsipp for IKT tryggleik. Vi har i tillegg gjennomført e-opplæring i informasjonstryggleik for alle tilsette i dei 7 kommunane.

Personvern står sentralt i arbeidet med informasjonstryggleik. Dette er kontinuerleg arbeid gjennom året som omhandlar m.a., databehandlaravtalar, behandlingsprotokollar, DPIA og ROS-analysar for system som vi har ansvar for.

Som ein del av arbeidet med tryggleik og personvern har vi utarbeidd ny beredskapsplan for Søre Sunnmøre IKT. Vi har også laga ein tilhøyrande plan for beredskapsøvingar. Desse vert lagt fram for styret i 2022 for godkjenning.

Vi har også gått til innkjøp av eit nytt varslingssystem som skal nyttast for å få informasjon ut til dei tilsette dersom det oppstår feilsituasjonar eller utfall av tenester. Her er det utarbeidd ei tilhøyrande varslingsrutine.

Informasjonstryggleik er med oss i alt vi driv med, men ikkje alt har vore skriftleggjort og forankra i rutinar og prosedyrar. I 2021 har vi arbeidd med dette i alle avdelingane våre. Vi

har også arbeidd med styringsdokument for informasjonstryggleik og rutinar i forbindelse med internkontroll.

## Microsoft 365

I 2021 gjekk treårsavtalen vi hadde med Microsoft ut. Ved inngåing av ny avtale hadde kommunane eit ynskje om å gå over til Microsoft 365-lisensar. Prosjektet vart starta i 2021 og mykje arbeid gjekk med på å lande bakanforliggende strukturar og tryggleiksoppsett. Vi starta med innføring i Sande som ville vere pilot, og held fram med dei andre 6 kommunane i 2022.

Eit av formåla var å gå over på ei ny plattform for dokumentsamhandling og fillagring som enklare kan integrerast mot andre skybaserte system i framtida.

Andre gevinstar:

- Meir framtidsretta arbeidsmetodar
- Skylagring, samle filer og uformell dokumentasjon «under same tak»
- Unngå bruk av private skylagringsområder til jobbdokument
- God lagringsstrategi med rutinar som tek i vare sikkerheita i lagringa
- Enklare deling av filer
- Moglegheit for meir effektiv dokumentsamhandling i organisasjonen

### Endring for brukaren

Dette prosjektet bar med seg fleire endringar enn å berre gi brukarane tilgang til ein Microsoft 365 lisens. Det omfatta ei endring i fillagring og måten brukarane samhandlar på.

Det vert ein overgang frå lagring av dokument på H-området slik det er i dag til lagring i OneDrive (Microsoft sky) og lagring på Fellesområdet vil gå over til lagring i Teams/SharePoint online (Microsoft sky). I samarbeid med arkivleiarane er det laga ein lagringsstrategi som skal gjerast kjent for brukaren slik at det ikkje er tvil om kva som skal lagrast kvar.

Gjennom prosjektet har det vore viktig å setje brukaren i sentrum og legge til rette for nye arbeidsteknikkar på ein best mogleg måte med gode og praktiske brukarrettleiingar og e-læring.

## Organisasjonsform og tenesteavtale/tenestekatalog

Etter at ny kommunelov vart vedtatt 8. juni 2018 er det klart at §27 samarbeidsforma går ut og vert erstatta av to nye samarbeidsformer, kommunalt oppgåvefellesskap og interkommunalt politisk råd. Interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova av 1992 §27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan fire år etter at den nye kommunelova trer i kraft. I den samanheng hadde kommunane eit ynskje om at ein samstundes skulle sjå på styringslinjene i samarbeidet, struktur for digitalisering samt revidering av tenestenivåavtale (SLA) og tenestekatalog som skildrar ansvarsforholdet

mellom kommunane og SSIKT. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som kom med ei tilråding, og dette arbeidet vart lagt fram for kommunedirektørgruppa hausten 2021. Arbeidet med å lande ny organisasjonsform og ny styringsstruktur held fram i 2022.

## DIGI Møre og Romsdal

Søre Sunnmøre IKT har delteke i aktivitetar knytt til Digi Møre og Romsdal. Føremålet med Digi Møre og Romsdal er å etablere eit regionalt samarbeid om digitalisering, der ein skal:

- Dele gode digitale løysingar på tvers og sjå på samarbeid gjennom felles prosjektoversikt.
- Samarbeide med andre regionale digitaliseringssamarbeid gjennom regelmessige samlingar.
- Samarbeide om utrulling av nasjonale ordningar og felleskomponentar.
- Auke digital kompetanse gjennom fagspesifikke nettverk med deling av kompetanse og erfaringar.
- Samarbeide om tenesteinnovasjon og initiere fellesprosjekt for kommunane.

I 2021 har Digi Møre og Romsdal starta opp og invitert alle kommunane i fylket til å ta del i Kompetanseløftet. Her har målet våre å gi leiinga i kommunane oppdatert informasjon og kunnskap om digitalisering og digital transformasjon. Dagleg leiar i Søre Sunnmøre IKT er medlem i prosjektgruppa for Digi M&R, samt i IKT-strategisk forum der målet er tettare dialog mellom IKT-miljøa i fylket.

## Helseplattformen

I 2021 har dagleg leiar, saman med representantar for driftssenteret og fag, vore med i ulike referansegrupper for Helseplattformen. Helseplattformen AS har som mål å innføre felles elektronisk pasientjournal for heile helsetenesta i Midt-Norge, det vil seie helseføretak, kommunar, fastleggar og private aktørar. Det er ynskje om ein meir samanhengande helsetenesta for pasientar og tilsette i heile regionen og tilgang på alle naudsynte helseopplysningar på tvers av fagområda. Vi deltek i desse referansegruppene for å sikre at kommunane sine interesser vert ivaretakne.

SSIKT har gjennom året hatt ein del oppgåver knytt til Helseplattformen, og har mellom anna bidrige med kostnadsestimat og tekniske avklaringar knytt til lokal infrastruktur, ei behovsskildring for å kartlegge om Helseplattformen vil erstatte funksjonalitet vi har i dagens EPJ-system, samt kartlegging og testing av ulike autentiseringsløysingar (eID – person høg).

6 av 7 kommunar i vårt samarbeid har signert opsjonsavtale på innføring av Helseplattformen, med mål om oppstart tidleg i 2024. Det vil med andre ord verte ein del oppgåver knytt til dette prosjektet dei neste åra.

# Avdelingsaktivitetar 2021

## Driftssenter

### Generelt

Trass avgrensingar gjennom delar av året som følgje av pandemien, har vi likevel fått utført mesteparten av oppdraga vi hadde planlagt. Det som ikkje har vorte utført til rett tid skuldast globale leveringsvanskar på mellom anna nettverksutstyr. Det har vore ei utfordring gjennom året, men løpende omprioriteringar har gjort at vi saman med kommunane har kome fram til gode løysingar der det har dukka opp utfordringar.

Vi opplever til tider stort trykk på avdelinga i høve rådgjeving og implementasjon av nye løysingar og utviding/endringar på eksisterande løysingar. Denne auken er størst innan ulike velferdsteknologiprosjekt og nybygg/renoveringar der moderne byggautomasjon endrar mykje på kva som skal vere tilkopla nettverket av slikt utstyr. Her er utfordringar og mykje arbeid knytt til både planlegging, avklaring med eksterne leverandørar og implementering.

## Fagsystem

Vi har framleis dei fleste fagsistema i drift som lokalt installerte. Trenden med drift i leverandørskyer vil nok forsterke seg ytterlegare i dei komande åra, og vonleg vil dette gjere at vi kan fokusere enno meir på kjerneoppgåvene kring rådgjeving til kommunane og drift av infrastruktur, klient og tryggleik. At eit fagsystem vert plassert i ei leverandørsky gjer ikkje at alt arbeid med det forsvinn. Viktige oppgåver som trygg tilgang, trygg og sentralisert pålogging og integrasjonar med andre system vil vere med oss også i framtida.

Oppdatering av ulike fagsystem legg beslag på noko ressursar hos oss, og graden av ressursbruk heng sjølv sagt saman med kompleksiteten i systemet.

## Infrastruktur

Infrastruktur er vårt største felt, og der vi brukar mest tid. Med infrastruktur så femnar det om alt frå nettverket i datasenter og i kommunane, serverinfrastruktur og tryggleksinfrastruktur som til dømes brannmurar. Endepunkt, som datamaskiner går også inn under dette omgrepet. Det er viktig for oss å halde infrastrukturen oppdatert og trygg, ta høgde for trafikkvekst i sentralnettverket og i kommunane, og ta i bruk så stor grad av automatikk som mogleg. Nedanfor er nokre kulepunkt som seier litt om dei største oppgåvene gjennom året.

- Nettverk.  
Som tidlegare år er veksten til dels stor, og vi har bygd ut og optimalisert mykje nettverksinfrastruktur gjennom året. Sjølv om den globale leveringsmangelen periodevis har ført til stopp i bytte av utstyr og enkelte nye småprosjekt, så har vi fått levert Det er montert 209 nye trådlause aksesspunkt rundt omkring i kommunane, og vi har samstundes bytta ut like mange eldre aksesspunkt med nye. I samband med slike oppgraderingar er det også mykje anna infrastruktur på bygg som må oppgraderast/bytast, til dømes switchar som aksesspunktet skal koplast i.

I november-desember oppgraderte vi også det interkommunale fiberbakbeinet med nye eininger. Dette var eit stort arbeid, mest på planlegging og lab. Dette bakbeinsnettet er robust og har no kapasitet til å transportere 25Gbit/s med data.

- **Telefoni og videokommunikasjon**

I utgangspunktet var vi ferdig med utrulling av ny fasttelefoniløysing og utfasing av gamle samband i kommunane i 2020. Det har likevel gjennom året kome inn fleire prosjekt med utvidingar og ytterlegare lokasjonar som kommunane har identifisert med gamle linjer.

Videokommunikasjonsløysinga frå Webex har også gjennom 2021 auka stort i omfang og vi har no meir enn 100 ulike romløysingar i drift. Samstundes har vi også utvida ein god del funksjonaliteten i Webex, særleg då integrasjon med MS Teams (MS Teams brukar no videoonetverket til Cisco for interoperabilitet som det systemet ikkje har innebygd slik Webex har), integrasjon mot Google Meet og Zoom. Dette betyr at ein no kan delta på videomøter frå desse tenestene direkte frå høgkvalitets videorom som vi har frå Cisco. Også MS Teams møter, dersom kommunane kallar inn til slike, kan no utan vidare koplast til frå videoromsløysingane får Cisco.

- **Brannmurklynger og endepunktsikring**

På forsommaren arbeidde vi ut og publiserte eit anbod for nye brannmurar, endepunktsikring, samt sikring av Office 365. Det er ei stor og kompleks løysing, så arbeidet med ein god nok kravspesifikasjon vart lagt mykje arbeid i. Kontrakt for ny løysing vart tildelt til Atea AS med ei løysing frå Checkpoint midt i oktober. Arbeidet med implementasjon er enno ikkje ferdig.

- **Office 365**

Kommunane har bestilt ein overgang til å bruke Office 365 for dokumentsamhandling og filhandtering. Her har det gått med mykje tid til teknisk førebuing, planar og rutinar for teknisk migrering og til slutt implementering av økosystemet som krevst for å bruke Office 365.

- **Sikker print**

Vi hadde håpa å få slutført arbeidet med overgangen det nye systemet for sikker print (Papercut) i løpet av våren 2021, det kom vi dessverre ikkje i mål med. Dette vart langt meir tidkrevjande enn planlagt, i stor grad fordi det har vore vanskeleg å få klarsignal frå enkelte kommunar til å få bytta ut gamle maskiner med nye. Med gamle maskiner, så meiner vi maskiner som er eldre enn 5 år og ikkje støttar nye løysingar. Papercut er svært bakoverkompatibelt og vi ønskjer ikkje kaste utstyr berre fordi det har nådd ein viss alder, men her snakkar vi om maskiner i alderen 6-9 år. I tillegg er det også ein tryggleiksrisiko å ha slik gammalt, ikkje oppdatert, utstyr i nettverket.

## Brukarstøtte


Ved utgangen av 2021 har avdeling for brukarstøtte og prosjekt 12 tilsette fordelt på like mange årsværk. Brukarstøtte har ikkje hatt nokon lærling i 2021, men det er eit mål å tilsette ein ny lærling hausten 2022.

Året 2021 har blitt prega av tiltak knytt til pandemien. Dei fleste oppgåver knytt til brukarstøtte fungerer godt også frå heimekontor, men oppdrag på lokasjon har i periodar vorte redusert og tilpassa dei gjeldande retningslinjene for smittevern.


Avdelinga har 3-4 personar dedikert til brukarstøtte alle vekedagar 8-16. Desse har då eit hovudansvar for å handsame saker som vert meldt inn via telefon, e-post og brukarstøtteportalen. I utgangspunktet er dei som har vakt samlokalisert i felles kontor på Reiten i Ulsteinvik, men grunna utfordringar knytt til pandemi har vakter i 2021 i stor grad vorte utført frå heimekontor.

Nytt system for brukarstøtte levert av Pureservice AS vart implementert i august og erstatta då tidlegare system Kace. Alle saker uavhengig av kjelde vert registrert og handsama i Pureservice. I tillegg til dei etablerte kanalane telefon og e-post er det no også utarbeida ein eigen brukarstøtteportal som er tilgjengeleg for alle tilsette. Her finn ein rettleiingar, skjema for bestilling av varer og tenester og driftsmeldingar for system drifta av Søre Sunnmøre IKT. Det er lagt vekt på å fylle denne portalen med innhald slik at ein i mange tilfelle kan få løyst problem utan å vere i direkte kontakt med brukarstøtte. Bruk av skjema for bestilling av varer og tenester sikrar at SSIKT får all informasjon som trengs for å kunne handsame saka ved første kontakt med sluttbrukar. Pureservice har også ein endringsmodul som vert nytta for å handsame og dokumentere endringar i SSIKT sine system.

Grunna overgang til nytt brukarstøttesystem med nye rutinar for registrering nytta vi berre statistikk for saker oppretta etter august 2021. I denne perioden vart det oppretta 5221 saker som gir eit snitt på 1305 saker per månad.



I nytt brukarstøttesystem er det oppretta nye sakstypar og kategoriar for å kunne ta ut gode rapportar. Sakstypen bestilling vert brukt for både bestilling av utstyr og bestilling av tenester eller endring i tenester. Førespurnad gjeld saker der det ikkje er feil på utstyr eller teneste, men brukaren likevel treng hjelp. Hending gjeld saker der eit problem har oppstått (uavhengig av om det skuldast brukarfeil eller systemfeil).



I 2021 har brukarstøtte vore involvert i prosjektet for implementering av Microsoft 365. Pilot-prosjekt vart køyrt i Sande kommune og dannar grunnlaget for innføring i andre kommunar i 2022. Prosjektet inkluderer også mykje arbeid knytt til blant anna rydding i avdelingsstrukturar og kontoar for tilsette og utskifting av eldre maskinvare som ikkje er kompatibel med dei nye systema.

## Fagområde – helse og omsorg

### For helsestasjon vart dette gjort i 2021:

#### DigiHelsestasjon

I juni vart digitale innbyggartenester via [Helsenorge](#) teken i bruk ved alle helsestasjonane. Dette er ei nasjonal fellesløysing for svangerskapsomsorg, helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom som Sjustjerna var tidleg ute med å ta i bruk. DigiHelsestasjon er heilintegrert i den elektroniske pasientjournalen HsPro. I løysinga kan innbyggjarar via app på mobiltelefon eller Helsenorge si nettside sende og ta i mot meldingar til/frå tenestane, få varsel om timeavtalar og avbestille desse.

Helsestasjonen sender meldingar til innbyggar direkte frå HsPro EPJ-system, og kan mellom anna sende informasjon gruppevis, t.d. til heile skuleklasser. Dette er svært nyttig i samband med t.d. innhenting av samtykke til vaksinasjon i skulehelsetenesta, som tidlegare har foregått på papir via ranselpost frå skulane.

Søre Sunnmøre IKT deltek i referansegruppe for løysinga, i regi av Norsk Helsenett, saman med fleire andre kommunar.

#### Gevinstpotensiale for kommunen:

- Redusert tidsbruk og avbrot i andre oppgåver for tilsette ved å redusere innkomande telefonar, SMS og e-post.
- Flyttar kommunikasjon med innbyggjarar over i ein trygg kanal, godkjend for deling av sensitive helseopplysningar.
- Gir innbyggjarane moglegeheit for å nå helsestasjonen 24/7/365, utan å måtte stå i telefonkø for enkle ærend.

For å hente ut gevinstar er det viktig at kommunane marknadsfører løysinga i dei kanalar ein har tilgjengeleg, og gjer dette systematisk og over tid, slik at flest mogleg innbyggjarar tek den i bruk. Sjølv om målgruppa her er i "sin beste digitale alder" og bruken er aukande, ser vi eit stort forbetringspotensiale i å få innbyggjarane til å ta i bruk tenesta.

### Innan omsorg var dette dei store aktivitetane i 2021:

#### Gerica: Arkivintegrasjon og SvarUt

I mai vart Gerica integrert mot Documaster arkivkjerne for alle kommunane, og vi tok i bruk digital post via KS SvarUt for sending av vedtak om pleie- og omsorgstenester og andre dokument som vert produsert i Gerica. Ein kan også sende med vedlegg i løysinga, til dømes ulike informasjonsbrosyrar eller journalpostar frå Gerica.

#### Gevinstpotensiale for kommunen:

- God oversikt over postflyt frå Gerica, med eksakt tidspunkt for leveranse. Sparer også portokostnader for utsending av brev.
- Fjernar manuelle arbeidsprosessar knytt til arkivering, og aukar dermed både kvalitet og effektivitet. Potensialet for feil og manglar i kommunalt arkiv er redusert.
- Forbetra kvalitet på sakshandsaming og status på saker, pga. oppdaterte og meir brukarvenleg modul for sakshandsaming i Gerica.

Vi ser allereie at kommunane har henta ut gevinstar knytt til god oversikt over sakshandsaming og status i eiga kommune. Det er det viktig at den einskilde kommunen får på plass ei klar rolle- og ansvarsfordeling innan sakshandsaming i pleie- og omsorgstenesta, og syter for at tilsette får nødvendig opplæring.

### **Behandlerkravmelding for fysioterapeutar**

I november vart elektronisk behandlerkravmelding for fysioterapeutar teken i bruk i Gerica. Løysinga erstattar tidlegare manuelle Excel-ark som måtte fyllast ut, haldast ajour og sendast inn for å krevje refusjon frå Helfo. Med den nye løysinga gjerast dette digitalt og i sanntid, med automatisk oppslag av om brukar har frikort og automatisk generering av eit korrekt fakturagrunnlag for eigenandelar kommunen skal krevje inn. Behandlerkravmelding sendast frå mobiltelefon ved hjelp av Gerica LMP så snart fysioterapeuten har dokumentert at helsehjelpa er utført.

#### **Gevinstpotensiale for kommunen:**

- Eliminerer feil i fakturering av eigenandel ved automatisk oppslag av om brukar har frikort og automatisk generering av eit korrekt fakturagrunnlag.
- Forenklar refusjonskrav til Helfo ved å fjerne manuelle lister og automatisere prosessen i sanntid.
- Moglegheit for auka inntekter for dei kommunane som i dag ikkje krev inn eigenandel for fysioterapi.

For å hente ut gevinstar må fysioterapeutane ta løysinga i bruk og registerere oppdrag via mobiltelefon. Enkelte kommunar krev i dag ikkje inn eigenandel for desse tenestene, og kan no enkelt gjere dette ettersom Gerica automatisk genererer eit korrekt fakturagrunnlag for eksport til økonomisystemet. Per i dag har fem kommunar teke i bruk løysinga, og er godt nögde med den.

## Fagområde – oppvekst

### **Edlevo (tidl. Tieto Education): Samtykkeløysing**

